

## Vikarkurs / forskriftskurs for ambulansetenesta

### Bakgrunn for kurset:

Kurset er utarbeidd med formål om å rekruttere vikarar til ambulansetenesta for kortare engasjement.

Kompetansekrava i ambulansetenesta er detaljregulert i akuttmedisinforskrifta §7 og må sjåast som minstekrav. Helse Førde har i mange år gjennomført eit kurskonsept som skal sikre deltakarane nødvendig helsefagleg kompetanse i tråd med forskriftskravet. Kurset vert årleg justert og tilpassa krav i tenesta.

Utdrag frå [akuttmedisinforskrifta](#):

*Ambulansebiler som brukes i ambulansetjenester skal være bemannet med minst to personer, hvorav minst én skal ha autorisasjon som ambulansarbeider eller paramedisiner. Begge personene som bemanner ambulansebilen skal ha førerkort for kjøretøyklassen og minst én av personene skal ha kompetansebevis for førere av utrykningskjøretøy. Der det kun er én ambulansarbeider eller paramedisiner, må den andre personen ha autorisasjon eller lisens som helsepersonell og nødvendig ambulansefaglig kompetanse.*

*Virksomhetsledelsen kan etter en konkret vurdering gjøre unntak fra kravet i første ledd tredje punktum om autorisasjon eller lisens som helsepersonell, dersom den andre personen som skal bemanne ambulansen er andre års lærling i ambulansefag eller paramedisinerstudent som har fullført og bestått andre studieår av fulltidsstudiet eller tredje år av deltidsstudiet.*

*Virksomhetsledelsen kan etter en konkret vurdering gjøre unntak fra kravet i første ledd tredje punktum om autorisasjon eller lisens som helsepersonell for personell som skal dekke ekstravakter og korttidsvikariater.*

### Kvalifikasjonskrav

- Autoriserte helsepersonell, fortrinnsvis sjukepleiar. Øvrige helsepersonellgrupper kan vurderast basert på CV og yrkesbakgrunn\*.
- Studentar med helsefagleg lisens
- Paramedisin studentar frå 2. studieår
- Sjukepleie studentar frå 2. studieår kan vurderast.
- Førarkort klasse B og C1
- Fysisk krav, sjå vedlegg.

Ambulansarbeidar og paramedisinar i tenesta tar kurs i tråd med Helse Førde sin kompetanseplan og inngår ikkje i dette kurskonseptet.

\*Deltakarar kan bli realkompetansevurdert dersom CV viser at andre kurs gir tilsvarande eller høgare kompetanse, t.d. offshore-sjukepleiar med mange gjennomførte kurs retta mot prehospitale tenester.

## Om kursopplegg

Kurset går totalt over 11 dagar som inkluderer avsluttande utsjekkdag. Dei fleste av dagane er over 8 timar a 45 minutt. Instruktørane er tilsette i eiga teneste, med erfaring i instruksjon og rettleiing.

Kursdagane er oftast delt mellom teoriførelesingar og praktiske øvingspostar. I tillegg kjem arbeidskrav som e-læring, hospitering og andre arbeidskrav. Pensum er bøkene til Jon Richarden i grunnleggande ambulansemedisin, operative emner. Bøker kan lånast på bibliotek eller frå ambulansetenesta.

Kurset brukar NAKOS-portalen som kursportal, og det blir sett som krav at deltakarar har IKT kunnskapar og kan nytte ulike læringsplattformer. Det er krav til dei ulike dagane om å ha gjennomført e-læring knytt til dei bolkane som blir gjennomført i NAKOS. Det er eigen kursportal under «Helse Førde» der all informasjonsdeling og timeplanar kjem ut. E-læringa baserer seg i stor grad på nasjonale kurs, men og nokre eigenproduserte kurs og emne.

Det er arbeidskrav til 5 hospiteringsvakter. Utbytte og aktivitet på vaktene vil avgjere om målsetting er oppnådd eller om hospitering skal utvidast.

## Ambulansemedisin

### Dag 1

- Fysisk test - seleksjon – bestått test kvalifiserer til vidare kursdeltaking
- Springe 1000 meter (tidsgrense 5 min)
- Bære forflyttingsbrett - 80 kg vekt 200 meter (tidsgrense 10 min)
- Bære bærestol - 80 kg vekt opp og ned ein etasje. Totalt tre repetisjoner. Kandidat skal bære minst ei runde i kvar ende.
- HLR i 10 min på øvingsduke utan opphald.

### Dag 2

- Kursintroduksjon, presentasjon av deltakarar
- Aktuelt lovverk - gjennomgang av lovverk, sjå vedlegg:
- NAKOS-portalen – introduksjon og presentasjon av e-læring som teoretisk grunnlag for kurset
- Bliksund tiltaksbok – introduksjon og presentasjon av prosedyrar og retningslinjer.
- Læringsportalen i Helse Vest, Kvalitetshandbok og overordna prosedyrar i Helse Førde,
- Kompetanseportalen – utsjekk av læringsmoment for tilsette og vikarar.
- Ambulanseoppdrag frå A-Å – gjennomgang av eit typisk ambulanseoppdrag frå melding til slutt for å gi deltakarane innsikt i arbeidsflyt og pasientforløp i den akuttmedisinske kjede.
- Akuttmedisinsk utstyr - gjennomgang av utstyrseiningar, akuttsekk, barnesekk, multimonitor Corpuls3
- Triage verktøy - gjennomgang av prehospital triage- og prioriteringsverktøy SATS NORGE, NEWS 2, og
- Legemiddelhandtering – legemiddelhandteringsforskriften, lokale rutinar for trinn 1 og trinn 2 personell, legemiddeloppsett, administrasjonsformer, dokumentasjon.

- Luftambulansetjenesten – besøke LA-basen – organisering, rollen til LA i den akuttmedisinske kjede, LA-lege funksjon, samhandling med LA – forhold ved kommunikasjon, landing/avgang, basestruktur, utstyrsgjennomgang.

### Dag 3

- Pasientundersøkelse – basert på metodikk i AMLS / PHTLS konsept.
- Primær - og sekundærundersøkelse – gjennomgang av prinsipp for ABCDE, SAMPLER og OPQRST.
- Den bevisstlause pasient - sideleie
- Fremmedlegeme – fjerning av fremmedlegeme
- Pustevanskar
- Brystmerter
- Hjerneslag
- Sepsis
- AHLR – gjennomgang av DHLR og AHLR algoritme. Øve på
- AMK sentral. Besøk i sentralen Fagutviklar i AMK fortel om: AMK sin funksjon, mottak av 113-telefonar, medisinsk indeks, nasjonale tiltakskort for 11x-sentraler, varsling av ressursar, trippelkonferanse, aksjonsovervaking, beredskapsvarsling, dokumentasjonsrutinar. Innmelding av pasientar.

## Traumer

### Dag 4

- Traumer generelt - den traumeskadde pasienten
- Kinematikk og spesielle forhold på skadestad, tidsbruk – the golden hour, traumesjukehus
- Traumeundersøking – primær og sekundærundersøking PHTLS prinsipp
- Traumeteam – kriterier, SATS triage ved traumer
- Spinal stabilisering –
- Masseskadetriage
- Dokumentasjon - ambulansejournal og dokumentasjonsplikt

#### Casetrening:

- Traumeundersøking – primær og sekundær
- Blødningskontroll - stapping/surring og tourniquet
- Forebygge hypotermi -
- Brannskade/brannrøyk/kjemikalie/etseskade i auge
- Gjennomgang og demonstrasjon av diverse utstyr relatert til traume (Sam-sling, nakkekrage, traumetepp)

---

## Dag 5

### Casetrening:

- AHLR
- Trafikkulykke
- Fallulykke
- Voldsutsatt pasient
- Luftvegshandtering
- Fleire involverte i trafikkulykke
- Motorsykkelykke
- Pasient med multitraume

## Ambulanseoperative emne

### Dag 6

Nødnett radiobrukarkurs, med bruk av nødnett instruktør.

- Undervisning i tråd med nasjonalt kurskonsept.
- Praktisk bruk av Sepura radioterminaler
- Gjennomgang av [prosedyrenivå](#) for bruk av nødnett

### Dag 7

- Helsetjenesten sin organisering på skadested.
- Opptreden på skadested – PVU, type skadestad, bilvraket, prinsipp for hurtigfrigjering
- Lederroller -gjennomgang av roller/funksjoner på skadested, særleg leder ambulanse, IL, ILH, MLH.
- CBRNE – Verne drakt av/på-kledning, saneringspost, ADR transport
- METAFOR – standardisert tilbakemelding/innmelding
- Simulering- og fasilitering i ambulansenesta – metodikk og tilbakemelding struktur. Baserer seg på moment i «Train the trainer» konseptet til Safer

### Casetrening:

- Hurtigfrigjering frå bilvrak
- Eigetryggleik og tryggleiksvurdering - bruk av verneutstyr
- Sikring, stabilisering og evakuering i krevjande terreng
- Redningsteknisk utstyr i ambulanse

## Dag 8

Casetrening og operativ emne

- Teknisk gjennomgang og sjekk av ambulanse – chassis og ambulansepåbygg, sjekklister for dagsjekk, dokumentasjonsrutiner og avviksrapportering.
- Båre – opplæring i bruk av båre
- Bærestol opplæring ?
- Køyregardsøving på lukka område - lukeparkering, rygging osv.
- CBRNE – bruk av verne drakt, på og avkledning.
- Bruk av backboard, båre, vakuumpad, verneutstyr som hjelm, handskar og redningsvest, kasteline
- Pulverapparat, slukkeøving
- Evakuering av pasienter med bruk av utstyr i ambulanse

## Simulerings- og ferdighetstrening

To dager med simulering og ferdighetstrening, med utgangspunkt i emne som er gjennomgått. Ein vektlegg moment som ein ser og får tilbakemelding på at deltakarane treng meir mengetrening på.

Simuleringsdelen skjer på simuleringssenteret av godkjente fasilitatorar. Her får deltakarane øve seg på alt frå bruk av PVK, EKG, monitorering ved bruk av simulerings-multimonitor.

## Dag 9

Simulering og ferdighetstrening i grupper. Medisinsk case skjer på simuleringssenteret. Traume case skjer ute i felt. Gruppa delast i to, bytte av lokalisasjon ved lunsj.

Medisinsk casetrening:

- Akutt sjuke barn
- Prehospital hjertestans
- Anafylaktisk sjokk
- Brystmerter

Traume casetrening:

- Toraxskade
- Brannrøyk-inhalasjon
- Påkjørsel av mjuk trafikant
- Bevisstlaus person – relatert til hypotermi og ruspåverknad

## Dag 10

Dagen er tiltenkt eigentrening som førebuing til avsluttande utsjekk. Delast inn i par-grupper og deltakarane har tilgang til alt utstyr og instruktør gjennom heile dagen. Deltakarane bør ha fokus på å kvittere ut moment

som dei ikkje har fått «sjekka av» på kompetanseportalen eller skjema for hospitering. Instruktør er tilgjengeleg gjennom dagen.

## Avsluttande utsjekk

### Dag 11.

Utsjekk skjer over to dagar, der deltakarane berre møter ein dag. Gruppene er sett opp i grupper på to-og-to. Dette sikrar ein effektiv og god individuell vurdering og oppfølging.

Desse postane skal gjennomgåast:

- HLR – DHLR med fokus på moment i AHLR -prosedyre
- Traume case med markør
- Medisinsk case med markør
- Teoretisk test

Teoretisk case som baserer seg på pensum, NAKOS og fagstoff i e-læringa. Testen består av 20 spørsmål med krav om 75% riktig for å få bestått.

Bestått avsluttande utsjekk og dokumentert gjennomført e-læring er grunnlag for kursdiplom. I tillegg må deltakarane dokumentere gjennomført minst fem hospiteringsvakter.

## Vedlegg:

### Vedlegg 1: Aktuelle lover og forskrifter

- Spesialisthelsetjenesteloven
- Helse- og omsorgstjenesteloven
- Akuttmedisinforskriften
- Lov om helsepersonell
- Forskrift om legemiddelhandtering
- Rundskriv frå Helsedirektoratet (2019) – ansvar for pasienter i de akuttmedisinske tjenestene

### Vedlegg 2: Arbeidskrav e-læringskurs

**Emne: Medisin / kirurgi / psykiatri**

- Psykiatri
- Corpuls 3

- Smertebehandling
- Stabilisering av columna
- Aksidentell hypotermi
- Metalyse
- SATS Norge - triage
- AHLR kurs

**Emne: Operativ emne:**

- Nødnett
- Helsetjenestens organisering på skadested
- Masseskadetriage
- CBRNE
- PLIVO
- Tunnelinnsats
- P-EPJ trykkekurs

**Vedlegg 3: Obligatoriske kurs i Helse Førde**

Kursa under skal gjennomførast dei første dagane på jobb i ledig beredskapstid.

- Synergi
- Informasjonssikkerhet
- Brannvern, både e-læring og praktisk ved bruk av VR-briller
- Ytre miljø